

*Royalard
Schwartz*

14-02-095

MORALSK OPPRUSTNING kan løysa mange problem

Stor interesse for informasjonsmøtet i Stavanger

Det var mange som hadde funne vegen til Moralsk opprusting sitt informasjonsmøte i Filmteatret i går. Folk kom i stemning av dei mangefarga festbunadene som gjentene i det internasjonale koret frå Caux hadde.

Ordførar Magnus Karlson, ynskte vel møtt, først og framst dei utanlandske gjestene — likeeins gav han uttrykk for kor gildt det var at så mange norske hadde funne vegen hit, både utanbys og innanbys, dette synta at det var interesse for denne store ideologien — Moralsk opprusting, — som byggjer på dei gamle orda at ein skal elska nesten sin som seg sjølv.

Etterpå song alle: «A leva det er å elska».

Det internasjonale koret frå Caux, song «The Good Road», temasongen i Moralsk opprustings musikalske revy.

Valdemar Hansteen d. y. leiddet møtet, og gav fråsegn om at medlemene i koret var ein liten styrke av alle som i dag går inn for Moralsk opprusting, som vil vinna freden og gjera den varande. Denne samlinga av unge gutar og gjenter hadde ofra studier, stillingar, og reist frå gode vilkår i det heile for å opplysa heile verda om ideologien — Moralsk opprusting, og dei verdiar som knyter seg til den.

Professor Eiliv Skard sa at me menneske måtte kjenna vår tid. Usemje på arbeidsplassane, i heimen, mellom land og samfunn, det var vår tid sitt store kjennemerke. Men for å få ein revolusjon i stand, eit skifte på alt dette, måtte først og framst det einskilde menneskehjarta gjennom ein kjemisk prosess, og så kunne ein vidare få grupper.

Serleg interessant var det å høyra innlegg frå dei utanlandske gjestene, Tom Christie, hamnearbei-

daren frå Glasgow, heldt fram at tida er knapp, at alle måtte gå inn for å finna verdien av denne ideologien som ville letta så mang ei vanskeleg stode på arbeidsplassen. Han hadde vore med på mange streikar, men etter at han kom med i Moralsk opprusting, hadde problema vorte løyste etter kort tid.

Koret song så Dockers Song. Denne songen vart skriven i ein kampanje som Moralsk opprusting førte i London sine hamnar.

Sekretæren i Østfolds faglige samorganisasjon, Hans Bjerkholt, sa at stoda i dag innebar det faktum at utviklinga hadde gått på tvers av det ein trudde. Berre ein ting kunne finna vegen ut av uføret, — nemleg Moralsk opprusting.

Formannen for tillitsmannsutvalet for Gelsenkirchens avdeling av Gelsenkirchen Bergwerk, Paul Dickus, sa at det var med tungt hjarta han stod fram her, han kjende berre kor det sveid i hjarta ved tanken på alt det vonde Tyskland hadde gjort mot Noreg. Han bad audmjukt om tilgjeving, og greidde ut kor takksam han var for denne ideologien som hadde letta så mykje. På dei store møta vart alle korta lagt på bordet, alt kom fram i dagen og vart ordna på ein særleg måte utan

å skapa fiendskap mellom arbeidar og formann.

Franskmannen Robert Tige, Generalsekreter for Arbeidargjevvarforeininga i Nordfrankrike, gav ei orientering om dette skiftet som hadde foregått med han etter han kom i samband med Moralsk opprusting. Han sa at kvar og ein måtte vera budde og viljuge til å ofra ein pris for å gå inn for ideologien, som vil tryggja framtida for borna på ymse måtar, då ville verda si framtid liggja i dette folket sine hender.

Elles er det verd å nemna dei helsingar og vitnemål me fekk høyra frå desse unge idealistane. Det var både gripande og interessant. Både koret, talarane og alle som var med og gjorde dette møtet så gildt og stemningsfullt, fekk stor og veifortent fagning.